



Statens vegvesen

Notat

Til: Irene Velure
Fra: Statens vegvesen
Kopi til:

Saksbehandler/telefon:
<Kaisa Tonheim Banne>
Vår dato: 24.03.2017
Vår referanse:

Notat – Strakstiltak kryss fv. 562 og fv. 220 på Askøy, kostnad, finansiering og framdrift

I brev sendt 21.12.2016 frå samferdselsavdelinga vert Statens vegvesen bedt om å utarbeide eit notat om moglege strakstiltak i krysset mellom fv. 562 og fv. 220 på Askøy, kva nytte dei kan gje, kostnad, finansiering og framdrift.

Moglege tiltak og nytte er allereie skildra i notat som vart sendt frå Svein D. Viken den 22.09.2016. Vi omtalar her kostnad for forslag til tiltaka som vart skildra i notatet, muleg finansiering og framdrift.

Statens vegvesen vil minne om at dette ikkje er kostnadsoverslag, kun grove kostnadsvurderingar. Prosjektet må fyrst regulerast før ein avklare endeleg finansieringsbehov. Alle kostnader er inkl. mva.

1. Sikre krysningspunktet for de gående –ca. 15 mill. kr.
2. Vegetasjon – ca. 100-150 tusen kr.
3. Rumlefelt – ca. 40 tusen kr
4. Skiltet hastighet – ikkje aktuelt
5. Vegbelysning – ca. 3-3,5 mill. kr.
6. Avkøyrsløp – ca. 20 mill. kr
7. Vegutviding – ca. 5-7 mill. kr

Kostnadane vert truleg høgare når plan og eventuelle grunnundersøkingar er gjort og vi gjer kostnadsoverslag. Det er store usikkerheit kring grunntilhøva på staden.

Skilta hastighet er uaktuelt sidan vi ikkje greier å redusere farten meir enn nokre få km/t ved å skilte ned, og hastighetsspredningen vil difor verte mykje større, noko som auke sannsynligheit for trafikkulykke.

Fylkeskommunen setter av om lag 20 mill. kr til programområdet for Trafikksikring kvart år. Statens vegvesen ser kostnadane ved dei enkelte tiltaka i krysset som høge i høve rammene for trafikksikring, og ikkje minst sett i høve andre behov for trafikksikring på fylkesvegnettet i Hordaland. Med muleg unntak av å fjerne vegetasjon og rumlefelt. Alle tiltaka vil uansett takast opp til vurdering i budsjettprosessen og behandlast likt med andre behov i fylket.

Fleire av tiltaka som vil gje ei god løysing bør eventuelt realiserast samstundes med kommunens VA-utbygging. Dette for at ein ikkje gjere eit arbeid som må takast opp igjen ved seinare høve.

Dersom det vert sett av midlar vil prosjektet vil vi kunne ha godkjent reguleringsplan i 2018 og muleg byggestart 2019.